

litt om serien:

Som kristne er du og eg djupast sett ikkje eigaraar, men forvaltarar. Som menneske kan vi ikkje kunsten å leve, berre å ta imot liv. Og med livet som er gjeve oss, er vi Guds disponentar over ei mengd andre gode gåver frå han: tid, talent, relasjonar, materielle ressursar – og pengar. Den kristne haldninga til alt dette er: alt er gjeve meg, det er velsigningar frå Herren, Ja, Gud vil at vi skal ha det godt, men han velsignar oss også for at vi skal dele vidare. Vi er fri til å bruke alt – ikkje berre for mitt eige beste, men for å velsigne andre. Det betyr at alle ting vi disponerer i livet, også pengane, er ein integrert del av våre disippeliv.

litt om temaet:

Ein av dei slåande tinga med dei første kristne, og noko av svarat på korleis evangeliet spreidde seg så raskt, var deira fellesskapsliv. Dette var ikkje berre enkeltmenneske som delvis hadde samanfallande interesser og difor danna ein koseklubb eller møttes til ein slags hobby. Slik dei kjende Gud gjennom Jesus var det naturlegaste i verden å gå «all in». Heile meg, alt eg er og alt eg har. Dei selde ting, gav heile seg til fellesskapet av dei som hadde møtt og trudde på Jesus. Dette gjorde menigheten til eit mektig middel for å gjere godt i samfunnet. Gjennom menighetens raushet og vitnesbyrdet om Jesus kom stadig nye til tru. Poenget for oss er kanskje ikkje selje alt vi eig, men å sjå og forstå at vår vilje og evne til å helle våre ressursar inn i det fellesskapet vi kallar vårt, gjev fart og kraft til oppdraget vårt og tyngde til truverdet som vitnar om han som elskar verda og gav seg sjølv for oss. Difor gjev vi.

Opne hender-mot fellesskapet

lære

Apg 4,32-37

Kan det vere ein samanheng mellom det vi les i v 32 og det som blir beskrive i v 33?

Dette hende i samband med pinsefesten, då alle husvære i Jerusalem var sprengfulle. Så blei tusenvis med i det nye fellesskapet (Apg. 2,41). Mange av dei, som Simon i v 36, kom frå andre stader. Kan situasjonen rundt bety noko for kva vi hentar ut av teksten?

vere

V. 34 og 35 fortel korleis dei som trong noko, fekk det av andre kristne. Er det meir eller mindre utfordrande å vere tillitsfull til Gud i vår velferdsstat enn i usikre, fattige kår?

Korleis kan vi vere opne med det kristne fellesskapet om kva vi treng, og kva vi har å bidra med?

aøre

spel av
eller syng
(forslag)

Salme:
Lovsong:

309 «Lovsyng vår Herre»
539 «Dine løfter er mange»
«Kom og se» (Storsalen)

gjere

Vi kan tolke det samfunnet som blir beskrive her som bortimot perfekt sosialisme. Men t.d. likninga om talenta i Matt. 25 kan minne om ein oppskrift på kapitalisme. Kva slags økonomisk fordeling (og dermed kva slags samfunn) får trua på Jesus *deg* til å ønske deg eller arbeide for?

Kva kunne du gjort for dette, som du for tida ikkje gjør?

bøn

Takk Gud for fellesskapet rundt dykk. Be om hjelpe til å utruste det med det de kan, og om å lære å ta imot hjelpe når de treng det.

Be om Den Heilage Ande si hjelpe til å forvalte det de har fått og bruke det rett.

